

Farsdagsmiddag på Oska.

07.11.2017



Roy Lervåg inviterer til kompletorsdag og farsdagsmiddag.

Komande søndag er det farsdag. Denne dagen er etablert fordi fedrene sjølvsagt fortener det. Ein flott måte å markera dagen på, er med ein god middag, og det har vi verkeleg mulighet til. Vår framifrå restaurant på Sandakaien, Oska, byr nemleg på farsdagsmiddag. Det er noko alle fedre vil setja pris på!

Meisterkokken Roy Lervåg og kjøkkenet hans byr på ei god oksegryte med grønnsaker og potetmos frå kl.15. Som alltid til søndagsmiddagane på Oska, er ein god dessert inkludert. Her er det viktig å bestille på førehand på 918 64 091.

Men før vi kjem til farsdagen, er Lervåg & co klar med knokekjøt, kårabistappe, korv, potetball og bacon på komlebufféen som opnar kl.15 på torsdag. Det vert nok også eit herleg måltid for mange.

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland